

## Samarbeidande Kraftfylke

Fylkeskommunane:

Troms	Hordaland	Telemark
Nordland	Rogaland	Oppland
Nord-Trøndelag	Vest-Agder	Hedmark
Sogn og Fjordane	Aust-Agder	

Leiar: Per-Gunnar Sveen  
Postadr.: Fylkeshuset, 2325 Hamar  
Tlf. 62544903, Mobil: 95829112.  
E-post: per.gunnar.sveen@hedmark.org  
Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,  
Postadr.: c/o SFE, Bukta, 6823 Sandane.  
Tlf. 57884719. Fax 57884701.  
E-post: john.stoyva@sfe.no

Sandane 20.05.2014.

Troms fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune

### Innkalling til årsmøte i Samarbeidande Kraftfylke 20.06.2014

Samarbeidande Kraftfylke no organisert som ei foreining. Etter vedtektene skal det haldast årsmøte anna kvart år innan utgangen av juni. De vert med dette kalla inn til årsmøte i Oslo (Gardemoen) fredag 20. juni 2014. Årsmøtet vert denne gongen utan energipolitisk seminar.

Etter vedtektene vert kvart medlem representert av ein representant kvar på årsmøtet. Representanten vert utpeika av medlemmen sjølv blant folkevalde i medlemsfylka.

Eventuelle framlegg frå medlemmane må vere styret i hende innan 30. mai.


Styret vil verte innkalla til styremøte før årsmøtet og til deltaking på årsmøtet. Årsmeldingane vil bli handsama av styret i dette møtet.

Deltakarane tingar sjølve reise og eventuell overnatting og tek kostnader med dette. Agenda for årsmøtet vert utsendt seinast 6. juni.

I årsmøtet vil vi presentere nytilsett dagleg leiar Toini Løvseth, som vil gå gjennom og orientere om hovudpunkta i innstillinga frå Reitenutvalet. Ho tiltrer 1. juni, og årsmøtet betyr at vi markerer overgang frå noverande sekretariatsleiar til den nye daglege leiaren.

Eventuelle spørsmål til sekretariatet på tlf. 57884719. Tilbakemelding om deltaking på e-post til sekretariatet: [john.stoyva@sfe.no](mailto:john.stoyva@sfe.no). Vi ber om e-postadresse og mob.tlf.nr til møtedeltakarane.

Med vennleg helsing.

  
Per-Gunnar Sveen  
Styreleiar

Vedlegg:

- Årsmelding og rekneskap 2012.
- Årsmelding og rekneskap 2013.